

# OV «Hekkingen» levert frå Fitjar Mek.

 Blir Kystverket sitt grønaste skip.



**Vidar Hope**

Publisert: 02.10.2020 08:44 Sist oppdatert: 13:10



Torsdag var båten på veg til Kystverket sin hovedbase i Ålesund for utrusting og oppøving til hovedoppgåvene, som er vedlikehald av fyr og sjømerke og oljevern. Båten er av HFMV-designen HFMV HO450, som Heimli Ship Design og Fitjar Mekaniske Verksted står bak.

- Dette er den fjerde båten FMV leverer til Kystverket av eit totalt flåtefornyingsprogram på inntil seks fartøy. Me har hatt eit godt samarbeid med reiarlaget og byggjetilsyn under prosjektet, melder verftet på Fitjar.



Fartøyet har, ifølgje verftet, den mest komplette hybridløysinga for miljøvennleg energiproduksjon og framdrift som finst i marknaden i dag.

- Det har ein tilpassa dieselmotor frå RRM Bergen Engines, som produserer elektrisk kraft etter behov. Der er ein stor batteripakke på 2000 kWh som åleine kan drifta båten ein heil dag under normal segling og arbeidsoperasjonar, inkludert dynamisk posisjonering. For framdrift har båten nyutvikla, permanent magnet thrusterar frå Kongsberg Maritime. Sistnemnde har også levert eit komplett styre- og overvakingssystem for båten. Skroget er utforma for å gje maksimal lastekapasitet og minimal motstand i sjøen. Det har blitt ein svært stabil og sikker arbeidsplattform, melder Fitjar Mek.



Skipet har ei lengd på 46,6 meter og breidde på 12 meter.

- Det er søsterskipet til miljøprisvinnande OV «Ryvingen» som blei levert frå FMV i 2018, med byggjenummer FMV40 - og er oppgradert med det aller siste innan batteri- og miljøteknologi, skriv verftet i ei pressemelding.

OV «Hekkingen» skal gå i teneste i Midt-Norge.